



PLANINITIATIV

for Lyseparken aust, ombruksmassar i Bjørnefjorden kommune. (id 20260200)

Dokumentinformasjon

Oppdragsgivar: Bjørnefjorden kommune

Tittel: Planinitiativ

Oppdragsnamn: (id 20260200) Lyseparken aust, ombruksmassar

Oppdragsnummer: 10270287

Utarbeidd av: Solveig Renslo / Olav S. Mønstre

Oppdragsleiar: Solveig Renslo

Tilgjenge: Open

Sist revidert: 25.6.2026

REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV
01	18.6.2026	Revidert etter oppstartsmøtet med Bjørnefjorden kommune	SR	TÅ	SR
00	29.4.2026	Utgave til oppstartsmøtet	SR /OMS	LML	SR

Innhold

Nøkkelinformasjon	2
1 Føremål med planen.....	3
2 Gjeldande plansituasjon og føringar.....	3
2.1 Retningslinjer og føringar frå offentlege styresmakter.	3
2.2 Kommuneplan.....	4
2.2.1 Tiltaka og kopling til samfunnsdelen	Error! Bookmark not defined.
2.3 Gjeldande reguleringsplanar.....	5
2.4 Pågåande planarbeid i influensområdet.....	9
3 Planområdet og omgjevnader	10
3.1 Planavgrensing.....	10
3.2 Skildring av planområdet	10
3.2.1 Lokalisering.....	10
3.2.2 Grunneigarar.....	12
3.3 Dagens situasjon	13
3.3.1 Landskap, naturmangfald og naturressursar.....	14
3.3.2 Kulturverdiar.....	15
3.3.3 Friluftsliv	15
3.3.4 Naturfarar	16
3.4 Skildring av nærområdet.....	17
3.5 Stadanalyse	18
4 Om plantiltaket.....	18
4.1 Innleiing.....	18
4.2 Omtale av dei ulike tiltaka	19
4.2.1 Tilkomst til planområdet.	21
4.2.2 Område for ombruksmasser.....	21
4.2.3 Innfartsparkering	22
4.2.4 Kvileplass for tungtransport	22
4.2.5 Snødeponi.....	22
4.3 Anleggsgjennomføring	22
4.4 Løye etter andre lovverk	23
5 Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet.	23
6 Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader	25
6.1 Korleis påverkar planarbeidet dei eksisterande forholda?	25
6.2 Verknader utanfor planområdet.....	25
7 Samfunnssikkerhet	25
8 Varsling. Medverknad og samarbeid.....	26

9	Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredningar	26
9.2	Tidligere utgreiingar	29
9.3	Oppsummering av KU-vurderingar	29
10	Vedlegg	30

Nøkkelinformasjon

Nøkkelinformasjon

Jf. forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering § 1 gjer planinitiativet greie for overordna premiss og omtale intensjonar for det vidare planarbeidet.

Stadnamn og GNR/BNR:	Halhjemsvegen 2 / Kvernatjørna delar av 8/22 m.fl	
Plantype:	<input checked="" type="checkbox"/> Detaljreguleringsplan <input type="checkbox"/> Endring av reguleringsplan for:	
Planlagd føremål:	Parkering, massehandtering og snødeponi.	
Føremål i overordna plan:	LNFR område og friluftsområde	
Særleg aktuelle tema for diskusjon:	Landskap, hydrologi/vassdrag, grunntilhøve, naturmangfald, naturressursar, støy, trafikk.	
Forslag til plannamn:	Lyseparken aust, ombruksmassar	
Forslagsstillar (skal alltid møte)	Namn/firma, organisasjonsnr.	Bjørnafjorden kommune /844 458 312 47784743 / asbjoh@bjornafjorden.kommune.no
	Telefon /e-post	56575000
Konsulent (skal alltid møte)	Namn/firma, organisasjonsnr.	Multiconsult ASA/910 253 158 Solveig Renslo, Oppdragsleiar/arealplanleggar
	Telefon /e-post	90167167 Solveig.Renslo@multiconsult.no
	Referanse prosjekt	
Evt. andre som stiller på møtet (namn/funksjon)	Grete Nesheim leiar Prosjektavdelinga. Olav S. Mønstre arealplanleggar/ass. oppdragsleiar, Multiconsult	
VVA-avklaringskjema	VVA-avklaringskjema er sendt 29.4.2026	

1 Føremål med planen

(jf. forskrifta § 1, andre ledd bokstav a)

Føremålet med planarbeidet er å etablere eit ombruksområde primært for kommunens egne overskotsmassar, samt ny innfartsparkering, kvileplass for tungtransport og areal for handtering av snømassar frå brøyting.

Det er i næraste framtid venta store mengder overskotsmassar frå etablering av nytt parkeringsanlegg i fjell på Osøyro. Planarbeidet skal leggje til rette for at desse massane kan nyttast på ein samfunnstenleg og ressurseffektiv måte.

2 Gjeldande plansituasjon og føringar

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g)

2.1 Retningslinjer og føringar frå offentlege styresmakter.

Tiltaka støttar fleire av FNs berekraftsmål.

Ved å etablere lokalt mottak og gjenbruk av overskotsmassar bidreg tiltaket til mål 12, ansvarleg forbruk og produksjon, og mål 15, livet på land, gjennom redusert ressursbruk og mindre naturinngrep. Innfartsparkering ved kollektivknutepunkt fremjar mål 11, berekraftige byar og lokalsamfunn, og mål 13, stoppe klimaendringane, ved å redusere biltrafikk og klimagassutslepp. Prosjekta krev samarbeid mellom aktørar og støttar dermed mål 17, samarbeid for å nå måla.

Statlige planretningslinjer for klima og energi

Statlege planretningslinjer for klima og energi skal sikre at klima- og energiomsyn vert vektlagde i planlegging etter plan- og bygningslova. Retningslinjene legg til grunn at omsynet til klima, natur og energi skal ha høg prioritet, og at sektorane skal leggje til rette for arealbruk og løysingar som støttar omstilling til lågutsleppssamfunnet, effektiv og fleksibel energibruk og klimatilpassing.

Tiltaket er utforma for å støtte opp om desse føringane ved å leggje til rette for meir ressurseffektiv massehandtering, som kan redusere behov for nye uttak og unødig transport. Planen legg til rette for funksjonar som støttar klimaomstilling i transportsektoren, mellom anna gjennom samlokalisering av viktige transportfunksjonar, klimanøytral transport med innfartsparkering og overgang til buss og teknisk infrastruktur.

Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)

Retningslinjene legg vekt på at utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast for å oppnå løysingar som er arealeffektive, avgrensar transportbehovet og legg til rette for kollektivtransport, sykling og gange, mellom anna gjennom fortetting og knutepunktutvikling.

I dette planarbeidet vert desse føringane særleg relevante for planlagt innfartsparkering og gangtilkomst til kollektivtilbodet ved E39. Tiltaka skal utformast slik at dei byggjer opp under gode mobilitetsløysingar, trygge ganglinjer og reduserte transportbehov.

Bærekraftig massehåndtering – Planlegging og forvaltning av rene overskuddsmasser (2026)

Rettleiaren avgrensar hovudfokus til reine massar, som jord, stein, grus og liknande materiale, som ikkje overskrid fastsette normverdiar for forureining i jord eller grunn etter forureiningsforskrifta. Rettleiaren legg særleg vekt på at massebalanse og masserekneskap må innarbeidast tidleg inn i planlegging og prosjektering, slik at uttak, behov og disponering av massar blir vurdert i samanheng. Dette bør ikkje berre tilstrebast i kvart einskild prosjekt, men og på tvers av prosjekt i ein kommune og region. Ein viktig føresetnad for dette er betre oversikt over volum og tidspunkt for masseuttak, slik at overskotsmassar frå eitt tiltak kan koplast mot massebehov i andre tiltak. Rettleiaren peikar samtidig på at sjølv om ein legg vekt på massebalanse, vil mange prosjekt likevel gi overskot. Derfor må det planleggjast for meir gjenvinning og gjenbruk enn det som ofte blir gjort i dag. Denne planen støttar opp om veiledaren ved at massar vert handtert innad i kommunen. Overskotsmassar som takast ut for å bygge parkeringsanlegg i Osøyro skal nyttast i anleggsgjennomføringen og bygging av Lyseparken aust.

Nasjonal plan for døgnhvileplasser (2017)

Planen, som ble revidert i 2024, peikar på Bergen syd som framtidig døgnkvileplass, der lokalisering skal vurderast. Lyseparken aust har ei strategisk plassering då området grensar til Bergen sør og samtidig har kort avstand til Osøyro, samt ligg langs europavei 39.


2.2 Kommuneplan

Samfunnsdelen av kommuneplanen for Bjørnafjorden (2023–2035) ble vedtatt av kommunestyret i desember 2022. Tiltaka støttar samfunnsdelen sine mål om framtidretta transport og bærekraftig arealbruk gjennom ombruk av massar, betre mobilitetsløyser og tryggare tilbod for tungtransport.

Planinitiativet støttar samfunnsdelen sitt mål om framtidretta transport. Innfartsparkering ved kollektivknutepunkt bidreg til å redusere biltrafikk, styrke kollektivtransport og skape meir miljøvenlege reisemønster.

Mottaksområde for overskotsmassar legg til rette for gjenbruk og effektiv ressursforvaltning, i tråd med prinsippa om sirkulær økonomi. Lagring av snø sikrar drift og framkomst vinterstid, medan kvileplassar for tungtransport aukar trafiksikkerheit og støttar næringslivet sine behov. Tiltaka fremjar berekraft, tryggleik og samarbeid mellom offentlege og private aktørar, i samsvar med samfunnsdelen sine strategiar.

Gjeldande arealdel til kommuneplan for Bjørnafjorden vest (gamle Os kommune) vart vedteken i 2023. Arbeidet med ny arealdel som og omfattar gamle Fusa kommune er i gang, og planprogrammet har vore på høyring. Det førebelse planområdet er i gjeldande arealdel sett av til mellom anna grønstruktur, LNFR-område, friluftsområde og samferdsleanlegg.



Figur 2-1 Del av kommuneplanens arealdel. Førabels planområde er merka med raud stipla line. Kjelde: Arealplaner.no.

Verna vassdrag Oselvvasdraget.

Vassdraget er bandlagt med heimel i Verneplan 1 for vassdrag etter vassdrag og ressurslova § 5. Vatna innafor førabels plangrense er ein del av det verna vassdraget. Prinsippa for differensiert forvaltning av Oselvvasdraget er innarbeidde i kommuneplanen sin arealdel gjennom ei eiga omsynssone H540. Temaet vil vere vesentleg i planarbeidet for å hindre negativ påverkan på vassdraget.


2.3 Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet grensar til eller overlappar fleire vedtekne reguleringsplanar, mellom anna E39 Svegatjørn–Rådal og områdeplanar for Lyseparken.

Planområdet vert tilpassa dei pågåande planarbeida på eit seinare tidspunkt i planprosessen.

Planarbeidet skal synleggjere samanhengen mellom denne plansaka, planlagt parkeringsanlegg i fjell på Osøyro og gjennomføringa av områdeplanen for Osøyro.


Reguleringsplan E 39, Svevatjørn -Rådal
Planid 4624_20040301, vedtatt: 19.6.2012.



Figur 2-2 E39, del av Svevatjørn -Rådal. Førbel's planområde merka med raud stipla line Kjelde: Arealplan


Formål med Svevatjørn-Rådal var å legge til rette for ny europaveg, med tilhøyrande tilførselsvegar. Delar av tilgrensande grøntareal er teke med i planen. Planen er realisert.

Områdeplan Lyseparken, PlanID 20141600, vedteke 16.6.2020



Figur 2-3 Områdeplan Lyseparken, id 20141600. Førebels planområde er merka med raud stipla line. Kjelde: Arealplaner.no.

Planen legg opp til å bygge Lyseparken som eit stort, framtidretta næringsområde for sørlege delar av Bergensregionen. Hovudideen er å skape ein ny næringspark med sterke industriklynger, der verksemder innan industri, produksjon, lager, logistikk og noko kontor og plasskrevjande handel kan ligge samla og dra nytte av felles infrastruktur, energi- og teknologiløysingar.




Figur 2-4 Lyseparken 2. Førebels planområde er merka med raud stipla line Kjelde: Arealplan.no.

Planen er ei vidareutvikling og endring av den opphavlege områdereguleringa. Denne planen er tydeleg prega av at Lyseparken har gått frå å vere eit framtidsprosjekt til å bli eit område der konkrete etableringar er i gang og der gjennomføringsevne har blitt eit avgjerande tema. Målsetjinga er i større grad å rydde opp i føresegnar, justere og presisere rekkefølgekav og gjere planen betre tilpassa faktisk utbygging. Samtidig er klima- og naturomsyn meir tematiserte enn i 2020-planen, i tråd med skjerpa nasjonale forventningar og eit generelt strengare planfagleg landskap. Det blir lagt større vekt på energieffektivitet, lokal energiproduksjon og meir realistisk bruk av areala.

2.4 Pågående planarbeid i influensområdet

Gang og sykkelveg Lyseparken-Søfteland, PlanID 20230100, pågående, sist behandla: 25.06.2025



Figur 2-5 Del av plan for Lyseparken, Endelausmarka. SAA er Angitt samferdsel og GN er naturområde. Førebels planområde er merka med raud stipla line. Kjelde: Arealplan.no.

Ulven skyte- og øvingsområde, PlanID 20131000, sist behandla 23.04.2014.




Figur 2-6 Yttergrense i planområde Ulven skyte- og øvingsområde merka med raud line. Førebels planområde er merka med raud stipla line. Kjelde: Arealplaner.no.

3 Planområdet og omgjevnader

3.1 Planavgrensing

Det er varsla oppstart for eit større område enn det som truleg vert endeleg planområde, då tiltaket ikkje er tilstrekkeleg prosjektert på dette tidspunktet. Førebels planområde er om lag 325 dekar. Plangrensa vil bli snevra inn seinare i planprosessen.



Figur 3-1 Førebels plangrensa er vist med svart stipla strek. Kjelde: Multiconsult.

3.2 Skildring av planområdet

3.2.1 Lokalisering

Planområdet ligg i Bjørnafjorden kommune, om lag 5–6 kilometer nord for kommunesenteret Osøyro. Området ligg langs E39, mellom Osøyro og Bergen sentrum. Til Bergen er det rundt 20–25 kilometer.

Den nye kyststamvegen E39 gir om lag 15 minutt reisetid til Bergen sentrum, jernbane og Bergen Havn, samt om lag 12 minutt til Bergen lufthavn Flesland. Planområdet er vist på oversiktskart i Figur 3-2 under.

Området omfattar mellom anna Kvernatjøerna og tilgrensande naturområde i aust. Dette området omfattar sti mot Søfteland på vestsida av Vinddalsvatnet og eit større naturområde med myr i nordre del. Her er det kontakt med dagens innfartsparkering og



Figur 3-2 Oversiktskart, planområde vist med sort sirkel.


Det er etablert av- og påkøyringsrampar på E39 som gir direkte tilknytning til den nye fylkesvegen, Fv. 5156, mot Lysekloster og Drange, sjå kart under, Figur 3-3.



Figur 3-3 Fylkesveg 5156 merka med gul farge. Kjelde: Vegkart Statens vegvesen.

3.2.2 Grunneigarar

Det er 5 eigedomar som grensar til Kvernatjørna, sjå kartet under.



Figur 3-4 Eigedomskart, raud strek er eigedomsgrense. Vatnet er ikkje registrert med eige gnr/bnr i matrikkelen. Varslingsgrense er stipla med raud line. Kjelde: fylkesatlas.no.

Vatnet ikkje er registrert som ein separat eigedom i matrikkelen. I slike tilfelle vert ofte fordeling av eigedom gjort etter det såkalla Midtlinjepsippet. Det vil sei at kvar eigedom får ein sektor frå si strandlinje inn mot midtlinja i vatnet. Grunneigarane må einast om dette.

Det er ikkje funne avtale om vegrett, bruksrett eller feste i planområdet.

Grunneigar	Gnr/bnr
Bjørnafjorden kommune	18/45
Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS	8/22
Hans Skogen	56/1
Statskog SF	53/1
Statens vegvesen	18/51
HETLEFLÅT BENTE S T	2/57

Tabell 3-1 Grunneigardata. Kjelde: Eiendomsregisteret.kartverket.no.

3.3 Dagens situasjon

Del av nylig bygd motorveg (E-39) ligg innafør førebels plangrense, samt busshaldeplass og innfartsparkering. Tiltakshavar informerer om at kapasiteten på eksisterande innfartsparkering ofte er sprengd.


Det er planfri kryssing for gåande sør for tofeltsrampa, sjå Figur 3-5 under. I vest ligger Lyseparken næringsområde. Næraste bustader ligg om lag 500 meter frå planområdet.



Figur 3-5 Påkjøringsrampe til rundkjøring og planfri kryssing for gåande, innfartsparkering(nord for Kvernatjørn)

Kvernatjørna (høgd ca. 53 moh) er ein del av planområdet og har avrenning mot vest til Vinddalsvatnet (høgd ca. 40 moh). Kvernatjørna er delvis gjenfylt (om lag 40 %) i samband med bygging av ny E39. I botnen er det mjuke botnavsetningar, (gytje) med registert mektigheit på opptil 5 meter. Det er gjort ei multistrålekartlegging av vatnet nå i 2026 i samband med arbeid med dette planinitiativet.

Langs E39 er det etablert ei fylling mot Kvernatjørna som ein del av veganlegget og eit høgt gjerde og ein voll mot E-39. Gjerdet går vidare langs dagens innfartsparkering. Deler av gjerdet er synlig på bilde under.



Figur 3-6 Kvernatjørn, vegfylling, gjerde og voll langs E-39. Foto: Multiconsult.

3.3.1 Landskap, naturmangfald og naturressursar.

Dagens situasjon er skildra ut frå kjend, offentlig tilgjengeleg informasjon og databasar. For naturmangfald spesielt, er dette grunnlaget mangelfullt. Det er vil vere mange artar som ikkje er registrert, og det kan vere verdifulle naturtypar som ikkje er kjend. I det vidare planarbeidet vil kunnskapsgrunnlaget verte supplert med nye registreringar.


Planområdet ligg i overordna landskapsanalyse for Bjørnafjorden vest i sin heilskap innanfor landskapsområde 25, Endelausmarka. Landskapet er skildra som einsarta med lite variasjon, men heilskapeleg med karakteristiske bratte og smale sprekkedalar.

Førebels planområde er i Naturbase sitt kart delvis i område registrert som økologisk funksjonsområde for stær (nær truga art, NT). Planområdet har skog etablert før 1940, der det ikkje har vore flatehogst, noko som gir potensiale for naturskog og eldre skog. Det er registrert holer eiker ved mogleg tiltaksområde. Hol eik er ein utvald naturtype fordi dei er svært viktige leveområde for eit stort tal artar. Over 1500 artar av insekt, sopp og lav er knytt til gamle eiketree, mange av desse er raudlista artar. I samband med utbygginga av E39 vart det vurdert hjortetråkk i området og det er skildra eit tråkk mellom Kvernatjørna og Vinddalsvatnet.

Innafor førebels planområde ligg ein rik svartorsumpskog registrert med stor verdi, sjå Figur 3-7 under. Aust for Kvernatjørna er det eit viktig område for friluftliv. Frå Naturbasen sitt fakta ark: «Den gamle postvegen, Osbanetraseen gjekk her. Postvegen er freda og er veldig fin å gå. Eit nærrområde det er mykje utbygging rundt. Det vert halde ro-stemner på vatnet, og når det er is er det eit flott skøytevatn. Det er mogleg å fiske, men det er mykje gjedde og lite aure. Det er derimot blodiglar. Det er ein sti rundt heile vatnet, men på vestsida er ikkje tilstanden til stien så bra».

ved Kvernatjørna i nordaust og går gjennom myrområdet i nordre del av planområdet. Tilstanden på stien som går på vestsida av vatnet vert omtalt som «ikkje så bra».

I naturbase er området Vinddalsvatnet kartlagt som eit viktig friluftslivsområde. Vinddalsvatnet vert nytta til mellom anna ro-stemner og fungerer som skøytevatn når det er is. Det er også mogeleg å fiske i vatnet.




Figur 3-8 Nærturterreng Vinddalsvatnet avgrensa med svart strek. Stiplet linje er ein del av sti rundt Vinddalsvatnet Førebels planområde er vist med raud ramme. Kjelde: Naturbase

3.3.4 Naturfarar

Det er i området registrert aktsemdsområde for kvikkleire, flaum, skred og steinsprang. Område utsett for naturfarar ligg i sørvest eller i nord, der det er bratt terreng.


Delar av området ligg under maringrense, vist med stipla strek i figuren under. Dersom eit område ligg innanfor eit aktsemdsområde for kvikkleire, skal det avklarast om det ligg føre risiko for ras eller utgliding (områdeskred). I dei fleste tilfelle inneber dette at vurderinga må gjerast av fagkyndige med geoteknisk kompetanse.




Figur 3-9 Aktsomhetsområde kvikkleireskred markert med blå. Figur 3-10 Aktsomhet for jord- og flaumskred. Kjelde: NVE.

Aktsomdomsområde for jord- og flaumskred synar mulig jord- og flaum-skredutsette område på eit oversiktsnivå. Karta seier ikkje noko om kor sannsynleg det er med jord- eller flaumskred og det må undresøkast nærare

Aktsomdomskarta for flaum gir ein indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærare. Informasjonen i kartet kan nyttast som eit første vurderingsgrunnlag i konsekvensutgreiingar og/eller risiko- og sårbarheitsanalysar knytt til kommuneplanen, og for å identifisere potensielle fareområde for flaum. Dei potensielle fareområda kan leggjast til grunn ved fastsetjing av flaumomsynssoner og planføresegner.



Figur 3-11 Aktsomdomskart for flaum. Kjelde NVE




Figur 3-12 Aktsomdomsområde for steinsprang. Kjelde: NVE

3.4 Skildring av nærområdet

Autsida av planområdet er skogkledd og grensar til Vinddalsvatnet, som er ein del av Osvassdraget. Økologisk tilstand i Vinddalsvatnet er vurdert som moderat, det betyr at vassforekomsten har merkbar menneskeleg påverknad og ikkje oppfyller krava til «god tilstand» i vassforskrifta. Kjelde: Vann-nett. I vest ligg Lyseparken som er eit stort næringsområde i kommunen, med fokus på energi, teknologi og berekraftige løysingar. Ca. 943 dekar er regulert til næringsformål, grønstuktur og

teknisk infrastruktur, sjå oversiktskart i Figur 3-13 under. Posten Bring har starta bygging av sitt nye logistiksenter (26 000 m²) som er planlagt ferdigstilt i 2027. Bakehuset, Corvus Energy og fleire lokale aktører har sikra tomter for nærings- og kontorbygg, kjelde: Lyseparken Næringseiendom.



Figur 3-13 Detaljplan fra næringsparken. Kjelde: Lyseparken næringseiendom

3.5 Stadanalyse

Plansaka vert ved behov supplert med stadanalyse.

4 Om plantiltaket

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e)

4.1 Innleiing

Planområdet er tenkt nytta til mellomlagring og handtering av overskotsmassar, snødeponi, innfartsparkering, døgnkvileplass for tungtransport og tilhøyrande teknisk infrastruktur.

Bergensregionen manglar lokalitetar for samfunnsmessig deponering av masser, jfr. notat i samband med rullering av KPA for Bergen kommune¹. Bjørnafjorden kommune manglar lokalitet til å handtera sine eigne overskotsmassar og snø frå brøyting. Det er trong for døgnkvileplasser for tungtransport.

Planarbeidet vert sett i gang som følge av at kommunen ventar store overskotsmasser frå planlagt parkeringsanlegg i fjell i Osøyro. Det er berekna 290-330 000 m³ anbrakte masser frå parkeringsanlegget. Førrels estimat indikerer at det vil vere omlag balanse mellom tilgjengelege

¹ <https://www.sintef.no/globalassets/project/kortreist-stein/002-notat-utredning-massedisponering-bergen-endig.pdf/>

massar frå parkeringsanlegget og mottakskapasitet i Kværnatjørn. Det vil alltid være stor usikkerheit i eit estimatet av denne type og endeleg svar får ein ikkje før i anleggsfasen.

Anleggstart for føreliggande plantiltak vert samordna med arbeidet med uttak av stein for parkeringsanlegget, -tidlegast 2028.

Kommunen har vurdert andre løysingar for deponering, inkludert sjødeponi. Dei vurderte løysningane har alle negative konsekvensar for naturmangfald, strandsone og mogleg forureining. I tillegg har sjødeponi ulempe ved at massane ikkje kan gjenbrukast. Følgjande område for landdeponi er vurdert:

Brandsneset. Brandsneset er vurdert som mindre eigna pga nærleik til bustadhus. Det kan vanskeleggjere mellom anna knusing av stein og vere til ulempe for naboar med tanke på støv og støy. Det blir sannsynlegvis høge kostnader for vidare leige/kjøp.

Klosterparken. Området er regulert for deponi og gjenvinning av massar med varigheit på 25 år. Statsforvaltar har gitt løyve 31.10.2025 til å ta imot 2,7 millionar m³ reine massar, årleg mottak 250 000 tonn.

Klosterparken kan nyttast til nokre masser, men for større mengder massar er området lite eigna. Større intensive leveransar som frå parkeringsanlegget frå Osøyro vil i praksis vil ta all kapasitet.


Lyseparken. Området er ferdig planlagt og har ikkje kapasitet til å ta imot massar av eit slikt omfang.

4.2 Omtale av dei ulike tiltaka

Det er planlagt at ca. 23 daa av Kvernatjørna skal fyllast igjen, med gjenverande vatn med overflate på ca. 4 daa. Vatnet vil mellom anna vil fungere som sedimentering av avrenning mot Vinddalsvatnet. Planeringsnivå nytt areal vert ca. kote 55, ca. 2 meter over eksisterande vannhøgde av omsyn til overvatn.

I det vidare planarbeidet må det dokumentere kvifor området er eigna til dette føremålet, vurdere alternative lokaliseringar og greie ut om det finst mindre inngripande alternativ. Det må også vurderast kva konsekvensar utfyllinga vil få for Kvernatjørna, den attverande vassflata og tilgrensande vassmiljø. Planarbeidet må derfor vurdere risiko for forverring av miljøtilstanden og behovet for avbøtande tiltak.

Det er i planlegginga teke særskilt omsyn til holer eiker. I skissert løysing av veganlegget kjem ligg det utanfor registrert omsynssone frå Naturbase. Ny plan vil delvis overlape planområdet til forslag til ny gang- og sykkelveg til Søfteland, og førebels prosjektering syner desse planane kan samordnast. Eksisterande sti rundt Vindalsvatnet vert broten av planskissene, men stien kan erstattast med planlagt gangareal gjennom planområdet. Figur 4-1 under viser førebels skisse for dei ulike tiltaka.




Figur 4-1 Førebels skisse over planlagde tiltak. Gulgrøn strek syner del av sti rundt Vindalsvatnet og pil illustrerer illustrerer påkoplingspunkt til planlagt gangareal. Illustrasjon: Multiconsult

Byggjehøgder, utnyttingsgrad, terrengnivå, fyllingsprofil, snitt, bygg, konstruksjonar og endeleg arealbeslag vert avklara i det vidare planarbeidet. Støy frå massehandtering, knusing, tungtransport, døgnkvileplass og anna aktivitet vert vurdert samla og i samanheng med tilgrensande planområde.

4.2.1 Tilkomst til planområdet.

Det er planlagt tilkomst via rundkjøring fra E-39 som vist i figuren under.



Figur 4-2 Raud pil syner tilkomst til området fra E-39.

Veg frå rundkjøring og fram til nytt parkeringsanlegg vert bygd med fortau. Løysinga er tilpassa planforslaget for ny gangveg- og sykkelveg mot Søfteland, planforslaget er vist i kapittel. 2.4.

4.2.2 Område for ombruksmasser

Området skal primært ta imot overskotsmassar frå kommunen si eiga verksemd, og det vert relativt avgrensa i omfang. Det er planlagt mottak av såkalla reine massar, det vil seie naturlege jord- og steinmassar som ikkje er forureina over normverdien (jf. forureiningsforskrifta kap 2, vedlegg 1) eller inneheld framande skadelege artar. Førebels avgrensing er vist på Figur 4-1 over.

Ombruk skal dokumenterast gjennom masserekneskap, transportrekneskap, vurdering av klimagassutslepp og ei reell alternativvurdering i det vidare planarbeidet.

Innafor område for ombruksmassar er det planlagt vekt og kontrollbygg, samt saltlager og knusehall. Knusing vert i avgrensa omfang. Byggehøgde, utnyttingsgrad og støykrav vert vurdert som ein del av det vidare planarbeidet.

4.2.3 Innfartsparkering

Det vert tilrettelagt for parkeringsanlegg i to plan for innfartsparkering. Førebels anslag er 300 parkeringsplassar. Det skal lagast ein snarveg frå garasjen opp til gang- og sykkelvegen langs E-39. På grunn av høgdeforskjell er det mest aktuelt med ei trapp, sjå Figur 4-1 for førebels forslag til plassering.

4.2.4 Kvileplass for tungtransport

Ein døgnkvileplass for tungtransport er eit spesielt tilrettelagt område langs hovudvegar eller transportkorridorar der yrkessjåførar kan ta lovpålagt kvile og overnatting. Statens vegvesen sine standardar vert så langt praktisk fulgt, slik at plassen kan inngå i Nasjonal døgnhvileplassplan. Det er planlagt ladeinfrastruktur for køyretøya, samt eit servicebygg med dusj og toalett. Førebels anslag er 15 plassar, sjå Figur 4-1 over.

4.2.5 Snødeponi

Areal for deponi er planlagt i fylling langs E-39, sjå Figur 4-1 for førebels forslag til plassering.

Det er planlagt tett flate for å unngå infiltrasjon i grunnen. Det er planlagt eit oppsamlingssystem med tilhøyrande reinseanlegg og overvaking av miljøtilstanden.

4.3 Anleggsgjennomføring

Vegen vert etablert først, slik at mottak og handsaming av overskotsmassar kan starte opp før tapping av vatn og etablering av ny flate.

Førebels plan er å tappe Kvernatjørna ned til eit nivå som er tilstrekkeleg for å hindre overløp når området vert fylt med massar, men ikkje så langt ned at gytja vert forstyrta eller flytta på. Reinsa vatn vert ført kontrollert vidare til Vinddalsvatnet.

Vatnet vert fylt på igjen kontinuerleg etter kvart som massane vert tekne ut frå garasjeanlegget. Kor mykje masse som er nødvendig for å gjennomføre planen, er ikkje mogleg å fastslå nøyaktig før ein er kome til denne fasen av arbeidet.

Fylling kan skje anten frå land (tipp) eller ved bruk av lekter på vatnet. Fylling frå land er den enklaste løysinga der grunnen er stabil. I dette området er det likevel stor risiko for at fyllinga kan rase ut på grunn av gytje. Bruk av lekter er difor tilrådd der det er fare for at massane kan gli ut i vatnet.

Biletet under er teke då ny E39 vart bygd. Den gongen vart vatnet tappa ned fleire meter for å unngå avrenning mot Vinddalsvatnet. Dessverre vart inntaket då lagt for lågt, noko som førte til at mykje gytje vart pumpa over i Vindalsvatnet. Dette er mogleg å unngå gjennom god planlegging og rette tekniske løysingar.



Figur 4-3 Anleggsarbeide ny E-39 (2027), nedtapping av Kvernatjørn. Siltgardin i Vinddalsvatnet ved utløpet av bekken fra Kvernatjørna. Kjelde: Bjørnafjorden kommune

4.4 Løye etter andre lovverk

Tiltaket treng løye etter andre lovverk:

Forureiningsforskrifta

Forureiningsforskrifta regulerer alle knuseverk som produserer pukk, grus, sand og singel. Forskrifta stiller krav til skjerming og støvdempande tiltak, utslepp av suspendert stoff til vatn og resipientar.

Mudring, dumping og annan utfylling i sjø og vassdrag er i utgangspunktet forbode.

Søknad skal sendes til statsforvaltar.

Vassressursloven

Tiltak som kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget er konsesjonspliktige. NVE vurderer konsesjonsplikt.

Veglova

Tilkomst til området frå E-39.

5 Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet.

Det skal leggjast til rette for god tilkomst for tungtransport, med sikre og oversiktlege løysingar for inn- og utkøyring. Området skal planleggjast med tilstrekkeleg areal for mottak, lagring og bearbeiding av steinmassar, samt for snødeponi.

Det skal tas omsyn til grunnforholda og det skal planleggast for god grunnstabilitet og eigna dreneringsløysingar for å unngå vassmetting og erosjon.

For å avgrense infiltrasjon og påverknad på resipientar skal det planleggast med tett flate der det er føremålstenleg, samt løysingar for oppsamling og reinsing av overvatn før utslepp til kringliggande natur. Det skal etablerast rutinar for overvaking og kontroll for å dokumentere at reinsketiltaka er tilstrekkelege.

Det skal vidare planleggast eit tydeleg internt køyremønster med skilting for å redusere risiko for ulykker. Det skal skiljast mellom ulike funksjonar i området, med eigne soner for mellom anna innfartsparkering og døgnavileplass..

Utfylling av tjørna skal planleggast og gjennomførast med omsyn til naturmangfald og hydrologi. Det skal vurderast tiltak for å bevare nærliggjande kantvegetasjon, og det skal leggast pp til løysingar for reinsing av overvatn før utslepp til vassdrag. For å redusere påverknad på nærområdet skal det vurderast tiltak som tiltak som støvbinding, skjerming og tidsavgrensing av drift. Det skal leggast til rette for kontroll med massar og forsvarlege rutinar for avfallshandtering.

Etter avslutta utfylling skal området planleggast for terrengtilpassing, planering og revegetering for å redusere visuell påverknad og sikre best mogleg tilpassing til landskapet rundt.

Før utfylling skal det gjennomførast sedimentprøvetaking i Kvernatjørna. Dersom det vert påvist forureina sediment, skal det vurderast tiltak som fjerning eller tildekking, i tråd med gjeldande regelverk/tilrådingar.

Det skal etablerast ein referanse for noverande miljøtilstand i Vinddalsvatnet før oppstart og nye målingar i driftsfasen skal kontrollerast mot denne referansen. Det vert kontinuerleg oppfølging med dokumentasjon på at tiltaka har ønskt effekt.

I det vidare planarbeidet skal det synleggjerast konkrete løysingar for mottakskontroll, reinsing, overvaking, tette flater, støvbinding, støytiltak, intern trafikktryggleik og universell utforming. Planforslaget må også gjere greie for drift og anleggsfase.

6 Verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f)

6.1 Korleis påverkar planarbeidet dei eksisterande forholda?

Tiltaket medfører tap av natur- og landbruksområde. Det ikkje er aktiv landbruksdrift her. Det eksisterande tjernet blir fylt igjen, og det omkringliggjande terrenget vert planert. Eksisterande sti rundt Vinddalsvatnet går gjennom planområdet, med litt tilpassing kan planlagde gangveggar innafor planområde erstatte den stien som vert overbygd.

Det er registrert hule eiker i nærleiken av det planlagde deponiet. Avgrensinga av deponiområdet vil verte tilpassa for å ta omsyn til desse naturverdiane.

6.2 Verknader utanfor planområdet

Aktiviteten kan føre til støy frå knusing og sortering av massar. Støv og partikkelutslepp kan påverke luftkvalitet og nærliggjande vegetasjon. Det kan også oppstå vibrasjonar som kan merkast i tilgrensande friluftsområde. Trafikkbelastninga vil auk når tungtransport fraktar stein til og frå området, og landskapet vil endre seg gjennom terrenginngrep.

Det er risiko for avrenning og påverknad på vassmiljø dersom sediment eller forureining kjem i kontakt med nærliggjande vatn. Snø frå brøyting kan innehalde miljøskadelege stoff som salt, sand, mikroplast, olje, tungmetallar, og avrenning frå snødeponi kan påverke vassdraget negativt. Det vert difor sett i verk tiltak for reinsing av smeltevatn og avrenning.

Etablering av innfartsparkering og døgnkvileplass for tungtransport vil medføre auka trafikk, støy frå motorar og aktivitet, samt lokal luftforureining frå eksos. Tiltaket krev også belysning, overvaking og tilrettelegging for tryggleik.

For å redusere visuell påverknad og støy vert det vurdert bruk av vegetasjon, skjerming og terrengforming. Avrenning frå massedeponi med sprengsteinmassar kan generelt føre til tilførsel av sprengstoffrestar og steinstøv. Ulike reinskiltak, mellom anna sedimenteringsbasseng, vert vurdert for handtering av smeltevatn og overflateavrenning. I anleggsfasen vert det etablert siltgardin for å hindre at partiklar spreiar seg i Vinddalsvatnet.

Det skal dokumenterast at planen ikkje medfører vesentleg skade på verneverdiene eller svekker grunnlaget for vernet. Verknader utanfor planområdet skal utgreiast nærare, særleg for Vinddalsvatnet/Oselvassdraget, friluftsliv, naturfare, støy, støv, lys, trafikk, transport av massar og avrenning.

Store terrenginngrep og utfylling i Kvernatjørna krev landskapsanalyse, snitt, illustrasjonar og vurdering av fjern- og nærverknad, særleg frå friluftsområde og E39.

7 Samfunnssikkerhet

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i)

Det skal i planarbeidet utarbeidast ein risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). ROS-analysen vil bidra til å identifisere uønskte hendingar som kan inntreffe, vurdere risiko og utarbeide tiltak for å redusere risiko.

Førebelse aktuelle tiltak for å redusere risiko:

- Geoteknisk vurdering og sikring av massar for å hindre skred og setningar.

- Kontrollert handtering av overvatn for å unngå flaum og erosjon.
- Rutinar for mottak og kontroll av steinmassar for å hindre forureining.
- Trafikksikring ved innfartsparkering og tilkomstveg.

Planen skal følgje gjeldande krav til beredskap og varsling ved uønskte hendingar

8 Varsling. Medverknad og samarbeid

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k)

Det er ikkje vurdert som naudsynt å gjennomføre medverknad ut over dei fastsette krava om oppstartsvarsling og høyring. Det er ikkje planlagt særskilte tiltak retta mot barn og unge, det er lite som tyder på at denne gruppa bruker området då det ligg langt frå bustader, ligg langs motorveg og har delvis eit industrielt preg.

Ut over dei interne einingane i kommunen si varslingsliste, samt grunneigarar og næraste tilgrensande naboar, vil følgjande instansar og organisasjonar som minimum motta varsel om planoppstart:

1. Statsforvaltaren i Vestland
2. Statens vegvesen
3. Vestland fylkeskommune
4. Os turlag
5. NVE
6. Os jakt og fiske
7. Os roklubb

Media og nettsider:

Informasjon om prosjektet kan følgjast på kommunens nettsider. Plandokument i samband med varsel om oppstart vert også lagt ut på Multiconsult si heimeside. Planoppstart vert kunngjort i Os- og Fusaposten.

Offentleg informasjonsmøte

Planmyndighet tek undervegs i planarbeidet stilling til om det er behov for offentleg møte i samband med høyring av planforslag.

Dialogmøte og samhandling med offentlege etatar

Det kan bli behov for dialogmøter med offentlege etatar for å avklare problemstillingar undervegs.

9 Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredningar

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav l)

Føreliggande planforslag er vurdert opp mot kapittel 2, §§ 6–8 og 10 i forskrift om konsekvensutredninger.

Vurdering av § 6:

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og [bygningsloven § 8-1](#), kommunedelplaner etter [§ 11-1](#), og områdereguleringer etter [§ 12-2](#) når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II
- b. reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- c. tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Planforslaget er en reguleringsplan og omfattes derfor ikke av § 6 a).

Planforslaget faller ikke inn under punkter i vedlegg I og omfattes derfor ikke av 6 b) eller c).

Planforslaget faller ikke inn under § 7, planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding.

Det er relevant å vurdere planen opp mot § 8 a, jf. Vedlegg II, punkt nr.1d avskoging og 11k deponi.

Ettersom tiltaket kjem inn under vedlegg II skal det med heimel i § 8 vurderast om planen og tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. § 10. Dersom det vert vurdert at planen og tiltaket kan få vesentlege verknader skal planen konsekvensutgreiast, men ikkje ha planprogram eller melding.

Vurdering av § 10:

Rettleiaren «Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes? Vurdering etter § 10 i forskrift om Konsekvensutredninger» (Klima- og miljødepartementet / Kommunal-og moderniseringsdepartementet, kommentarutgave 29.06.2017) er grunnlaget for vurderingar av KU-spørsmålet. Jf. vurdering av punkt § 10 under.

Egenskaper ved planen eller tiltaket (andre ledd):

a) Størrelse, planområde og utforming	Aktuelt Samla areal for nytt næringsareal er ca. 32 daa. Det vert store terrenginngrep. Samla sett vert storleik og utforming, saman med lokalisering, vurdert til å vera eigenskapar som gjev grunnlag for konsekvensutgreiing av tiltaket.
b) Bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressursar	Aktuelt Planen forutsetter bruk av mineralressursar til planering og igjenfylling av vatn ved å nytte overskotsmassar frå andre prosjekt i anleggsfasen. Planforslaget legg til rette for gjenbruk overskotsmassar av naturressursen pukkk og stein i driftsfasen.
c) Avfallsproduksjon og utslipp	Aktuelt Overvatn frå pukkkverk og diffuse utslipp frå transport og parkeringsanlegg.

d) Risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer	Ikkje aktuelt Det vurderast at tiltaket ikkje vil føre til ulykker med store konsekvensar for omkringliggande omgjevnadar.
--	---

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane (tredje ledd)

a) Verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven	Aktuelt Det er utvalde naturtyper i tilknytning til planområdet. Det er registrert fleire holer eiker i planområdet og Osvassdraget er eit verna vassdrag etter Stortingets verneplan for vassdrag. Vernet omfattar heile vassdraget, inkludert Osvatnet og sideelvar.
b) Truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring og reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv	Aktuelt. Området grenser til og er delvis innfor eit området med stor verdi for friluftsliv.
c) Statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985	Ikkje aktuelt
d) Større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	Aktuelt. Større omdisponering av LNF område.
e) Økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	Aktuelt. Miljøkvalitetsstandard for vatn. Området har avrenning mot Vinddalsvatnet. Økologisk tilstand i Vinddalsvatnet er vurdert som moderat, det betyr at vassforekomsten har merkbar menneskeleg påverknad og oppfyller ikkje krava til «god tilstand» i vassforskriften. Kjelde: Vann-nett.
f) Konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	Ikkje aktuelt Ingen vesentlege verknader.
g) Vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Aktuelt Utslepp til luft og vatn, samt støy og lys. Avrenning frå deponerte sprengsteinmassar vil innehalde både sprengstoffrestar og steinstøv, som kan vere skadelege for livet i vassdrag nedstrøms. Det må utgreiast om

	konsentrasjonane vil nå eit nivå som medfører skade på vassdraga. Transport av relativt store steinmasser i anleggsfasen kan medføre utslepp av klimagass.
<i>h) Risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom</i>	Ikkje aktuelt. Områda er noke ras- og flaumutsatt. Delar av området er eit aktsemdsområde for kvikkleire.

Egenskaper ved virkningene (fjerde ledd):

<i>I vurderingen av om planen eller tiltaket kan få vesentlige virkninger og følgelig skal konsekvensutredes, skal det ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer, varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, om virkningene strekker seg over landegrensene, samt samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak.</i>
Samla sett vert storleik og utforming, saman med lokalisering nær eit mye brukt friluftsområde vurdert til å vera eigenskapar som gjev grunnlag for konsekvensutgreiing av tiltaket.
Dei nevnte tilhøva vert vurdert til å utløysa krav om KU samla sett i høve fjerde ledd.

9.1 Tidligare utgreiingar

I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel for Os kommune 2019-2030 har Asplan Viak utarbeidd ei konsekvensutgreiing med vurdering etter naturmangfaldslova og ROS-analyse. Det er ikkje gjort særskilde vurderingar knytt til arealet ved Kvernatjørna i den overordna utgreiinga.

Rapport av Rådgivende Biologer AS frå 2022 synar vurderingar av tilstand på morfologi, fisketettleik og botndyr i Kvernatjørna. Rapporten samanliknar tilstanden i 11 resipientar før og etter bygging av E39 Sveгатjørn-Rådal. Vestre del av Kvernatjørna er plastra med stein i littoralsonen (pga. landnære soner) og er utan kantvegetasjon. Botndyrsprøven teken i litoralen i oktober 2021 syner 717 individ fordelt på 12 ulike arter/grupper. Rapporten synar at det ikkje er markante endringar i botndyrsamfunnet frå før til etter bygginga av vegen. Økologisk tilstand blei berekna å være moderat til god (Rådgivende Biologer AS, 2022).

9.2 Oppsummering av KU-vurderingar

Etter ei samla vurdering av området og planen sitt formål vurdert opp mot KU-forskrifta, vurderast det at planen utløysar krav til konsekvensutgreiing, men ikkje planprogram. Med bakgrunn i vurderingane etter § 10, vil følgjande tema verta aktuelle å konsekvensutgreia:

1. Friluftsliv (bokstav b, lokalisering og påverknad)
2. Vassmiljø (bokstav g,e, lokalisering og påverknad)
3. Naturmangfald (bokstav a, lokalisering og påverknad)
4. Landskap (bokstav a, eigenskapar ved planen)
5. Klimagass (bokstav g, lokalisering og påverknad)

Planeininga i kommunen vurderer at tema støy og støv bør og gjerast med same metode for å få eit godt og samla bilete av konsekvensane.

Andre tema som er vurdert som viktig å belyse, vert utgreidd gjennom eigne rapportar, som , trafikk og hydrologi/overvatn.

10 Vedlegg

1. Forslag til varslingsgrense , datert 22.4.2026.